



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Mads Munkejord, 5557 2383

Vår dato  
10.02.2017  
Dykkar dato  
06.12.2016

Vår referanse  
2014/1998 350  
Dykkar referanse

Nasjonal Kommunikasjonsmyndighet  
Postboks 93  
4791 LILLESAND

Kopi: Kommunane i Hordaland

### Revidering av prioriteringslister for etablering av forsterka ekom - svar frå Fylkesmannen i Hordaland

Me syner til brev datert 6. desember 2016 der Nkom ber om at lister over prioriterte kommunar for forsterka ekom vert revidert. Me takkar for høve til å kome med innspel noko på overtid.

På bakgrunn av førespurnaden til Nkom utarbeidde Fylkesmannen eit «eigenmeldingsskjema» der kommunane i fylket vart bedne om å rapportere inn prioritert(e) område i kommunen (rangert). I tillegg bad me kommunane vurdere om innrapportert område er utsett for høvesvis sårbar strauminfrastruktur, vêrutsett plassering, vêrutsett ekeinfrastruktur eller risiko for isolasjon.

29 av 33 kommunar i fylket har respondert på førespurnaden (jf. vedlegg 1). Fylkesmannen har med utgangspunktet i innrapporteringa frå kommunane sett saman ei liste over kommunane der dei er rangert etter sårbarheit med utgangspunkt i eigen rapportering/vurdering, jf. vedlegg 2. Fylkesmannen har korkje kapasitet eller tilstrekkeleg informasjon til å prioritere ytterlegare mellom kommunane. Me er opne for å inngå i ein nærare dialog med Nkom om vidare prioritering med utgangspunkt i t.d. informasjon om utfallsstatistikk som Fylkesmannen ikkje rår over.

Me vil avslutningsvis leggje til at vi òg har vore i kontakt med dei tre kommunane (Austevoll, Bømlo og Meland) som allereie er valt ut for etablering av forsterka ekom. Fylkesmannen registrerer med ei viss undring at alle tre kommunane – i utgangspunktet også inkl. Fylkesmannen – var ukjende med denne utveljinga, og at ingen av dei kan rapportere at det har vore kontakt med Nkom om dette. Utan at dette med naudsyn stagga gleda av å vere blant dei utvalde.

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Mads Munkejord  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

2 vedlegg